



# VOSS IDROTTSRÅD

Eit fellesorgan for idrettslag, organisasjonar og klubbar i Voss herad

## Årsmøte 2024.

Møtestad: Idrettshuset

Tid: Onsdag 05.juni 2024 Kl. 19.00

### Sakliste årsmøtet:

- Godkjenning av fram møtte representantar og fastsetjing av stemmetal.
- Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Val av møteleiar, referent og 2 representantar til å underskrive protokollen.
- Årsmelding for 2023
- Rekneskap for 2023
- Rekneskap for Edv.B.Hegboms Minnefond pr. 31/12-2023
- Fordelingsnøklar av LAM-midlar
- Handlingsplan for VIR
- Val av styre for VIR
- Val av valkommite

Olav Farestveit

leiar

## Årsmelding for Voss Idrottsråd 2023 (1.5.23-1.5.24)

Årsmøtet for 2022 vart avvikla torsdag 8. juni 2023 på Park Hotel med val av nytt styre og funksjonstid.

Leiar	Olav Farestveit	Voss IL	1 år (2023)
Nestleiar	Sofie Torlei Olsen	Voss IL	2 år (2022)
Styremedlem	Hege Toje	Voss Håndballkubb	1 år (2023)
Kasserar	Trond Syversen	FBK. Voss	2 år (2022)
Styremedlem	Erling Midtun	Hardanger håndbakk	1 år (2023)
Styremedlem	Atle Seim	Granvin IL	2 år (2023)

Styret har konstituert seg sjølv unnateke leiar og nestleiar.

Vara-medlemmer har møtt

Mildrid Sandvik	1 år (2023)
Gunn Hirth	1 år (2023)

Kontrollutval

Terje Eide	Bjørgum IL	1 år
Steinar Røthe	Voss	2 år

### Styret har fordelt nokre arbeidsoppgåver slik:

- Leiar har delteke i møter i Brukarrådet for Voss Idrotts plass.
- Trond Syversen har vore kasserar.
- Styret har delegert mynde til leiaren for å handsama fortløpande saker som er referert til heile styret via e-post.

### Arbeidet i Styret.

Styret har i løpet av perioden avhalde 6 styremøter forutan årsmøtet  
Voss herad sin idretts- og friluftskoordinator har vore invitert og delteke på styremøtene.

Olav Farestveit og Anne Karin Dugstad har vore med i styret i Idrettens Olympiade.

Me har nytta Voss IL sitt møterom i det nye idrettshuset. Dette har fungert godt og Voss Idrottsråd har etablert ein leigeavtale med Voss IL om å nytte dette møterommet for vår aktivitet.

## Medlemsmasse i VIR

Det er i alt 31 aktive lag (47 registrerte) som samla utgjør Voss Idrottsråd, og som alle er tilslutta Norges Idrettsforbund og Vestland Idrettskrets.

Vi reknar med at det i laga er til saman 8597 medlemmer (nedgang frå 10 232) medlemskap innan Voss herad, noko som tilsvarar ca. 51 % av folkesetnaden. Det er nokre store lag som t.d Voss Fallskjermklubb og Voss Golfklubb som har mange medlemmer som ikkje er busette på Voss. Totalt er det ein nedgang på omlag 11 %. Mange lag har ikkje registrert noko i idrettsregistreringa, nokre har registrert færre medlemmer, og mange har registrert fleire.

## Kontingent for medlemskap i VIR

Me har ikkje kravd inn medlemskap for 2023 då den økonomisk situasjonen i idrettsrådet er god. Me gjorde vedtak på årsmøtet (jamfør nye retningslinjer ved tildeling av LAM ( lokale aktivitetsmidlar) om å behalda 5% prosent i idrettsrådet

## IT-løysing

Då støtta på heimesida vår frå Dform fall bort i 2023 har me etablert ny heimeside under Idrettsforbundet sine nettløysingar.

Voss Idrottsråd har etablert ei Team-løysing med [post@vossidrottsraad.com](mailto:post@vossidrottsraad.com) som eigar og eine-medlem. Dette betyr at domene [vossidrottsraad.com](http://vossidrottsraad.com) og e-postbrukar er flytta over til Microsoft. Styret i idrettsrådet er gjester (med sine e-post-adresser) til dette Teamet og kan oppdatere dokumenter og delta på møter.

## Aktuelle saker som har engasjert styret i VIR i 2023

- **Medaljebygda Voss.**

Dette er eit prosjekt med utgangspunkt frå Hardanger og Voss Næringshage. Her har idrettsrådet jobba saman med Næringshagen, Voss herad, Voss Sentrum, Folkemuseet på Mølster, Bård Mossige og Per Finne i eit forprosjekt for å avklare innhald og design på korleis me kan heidra dei mange medaljevinnarane våre på ski (20 stk med 99 medaljar frå VM og OL).

Prosjektet har fått 250 000 kr til eit forprosjekt frå Agenda Vestlandet.

- **Reduserte kostnader for born og unge**

Idrettsrådet har saman med fylkeskommunen og heradet arbeida vidare med korleis me kan få reduserte leigekostnader for born og unge i kommunale og fylkeskommunale idrettsanlegg. Dette for å redusere utanforskap og generelle kostnader for idrettslag.

Det var då svært gledeleg at me fekk vedtak i Heradsstyret på dette før jul med ein prøveperiode på 2 år.

Voss idrettsråd har også tildelt inkluderings-midlar til laga ved to høve siste året. Dette er basert på retningslinjer frå idrettsforbundet og mottekne søknader frå laga

I august 2023 tildelte vi 304 370 kr

Lag	Tildeling kr
<a href="#">Bulken Idrettslag</a>	16 000
<a href="#">Eldar IL</a>	16 000
<a href="#">Fotballklubben Voss*</a>	75 000

<a href="#">Granvin Idrettslag</a>	8 000
<a href="#">Hardanger Handbak Klubb*</a>	13 000
<a href="#">Idrottslaget Ørnar</a>	50 000
<a href="#">Viljar</a>	8 000
<a href="#">Voss Bokseklubb*</a>	4 370
<a href="#">Voss Elveklubb*</a>	8 000
<a href="#">Voss Freestyleklubb*</a>	8 000
<a href="#">Voss Handballklubb*</a>	16 000
<a href="#">Voss Idrottslag</a>	50 000
<a href="#">Voss Klatrarlag*</a>	8 000
<a href="#">Voss Skiskytterlag*</a>	8 000
<a href="#">Voss Taekwon-do Klubb*</a>	16 000
<b>Sum</b>	<b>304 370</b>

I april 2024 tildelte vi tilsaman 238 000 kr

Bjørgum IL - skigruppa	11727
FBK Voss	50000
Bulken IL	11834
Voss Elveklubb	5000
Voss skiskytterlag	7500
Voss IL	50000
Voss Håndballklubb	12264
Viljar IL	10069
Voss Taekwon-Do Klubb	15838
IL Ørnar	17657
Hardanger Handbakklubb	16355
Voss Klatrarlag	7350
Eldar IL	19905
Voss bokseklubb	2500

- **Sentralidrettsanlegget.**

Realisering av reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget har vore viktig i arbeidet til VIR. Sentralt i planen er dei to torga idrettstorg og aktivitetstorg, ny idrettsfløy ved Voss ungdomskule og det nye idrettshuset. Mykje av planen er no realisert. Det nye aktivitetstorget er blitt svært populært og mykje brukt. Nytt servicebygg og gjenopning av utebassenget er viktige element som står att.

- **Idrettens olympiade A/S**

VIR tok i 2017 initiativ til å vurdere om det er mogeleg å arrangere Olympiske og Paralympiske leikar på Voss og Vestlandet. På bakgrunn av dette vart det etablert eit selskap: ”Idrettens Olympiade AS”. Dette selskapet var likt eigd av Voss idrettsråd og Idrettsrådet i

Bergen . Hordaland Idrettskrets kom inn som likeverdig medeigar. No er Vestland Idrettskrets medeigar.

Etter konklusjonane i Idrettsstyre til Norges idrettsforbund i mai om at idretten i Norge ikkje ynskjer å arbeida for eit OL/PL i Norge på kort sikt, har Bergen idrettsråd og Vestland idrettskrets trekt seg ut ”Idrettens Olympiade AS”. Styret Voss idrettsråd har beslutta å verta eine-eigar av selskapet. Det er framleis betydelege midlar i selskapet og det er utarbeida ein ny strategi for korleis vi vil arbeida dei neste åra for å fremja denne saka i Norge. Me brukar Hilde Magnusson Seniorrådgiver i Agenda Rådgivning

- **Idrettspolitisk møte haust 2023**

Idrettsrådet og Avisa Hordaland gjennomført 30.august eit ope valmøte der publikum og alle politiske parti møtte for å diskutere idrettspolitik

- **Temakveldar**

- Me arrangerte anleggskurs 24 august Narve Heggheim frå Vestland idrettskrets
- Men deltok i eit samarbeidsmøte i Øystese med idrettsråda i Kvam, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Vaksdal, Samnager 23.august Arrangør var Vestland idrettskrets med Nanna
- Me hadde dialogmøte med alle idrettslaga 13. mars
- Idrettsrådet arrangerte ein temakveld om Rein idrett og doping 20.mars på Voss gymnas med Jan de Lange Antidoping Norge .
- Me hadde i samarbeid med Vestland idrettskrets kurs i styrearbeid med Martin Uthaug
- Saman med Voss Il arrangerte vi temakveld “Sunn Idrett”

## **Om LAM-midler**

Norges Idrettsforbund har også i år gjeve tilskot til alle laga som er registrert i NIF.

I 2023 vart laga i Voss kommune tildelt kr. kr 1 347 789 kr .

Pengane vart fordelt etter fordelingsnøkkel vedtatt på siste årsmøte i

- 5% til aktivitet i regi av Voss Idrettsråd
- Idrettsskule vert honorert med maksimalt kr 35 000 kr og dei andre får i høve til storleiken på idrettsskulen
- Funksjonshemma får 3300 kr pr medlem (6-19 år)
- Resten vert fordelt etter antal medlemmer i aldersgruppa 6-12 år og 13-19 år,
- Mjølfjell skilag og Voss fallskjermklubb med eigen fordeling
- Alle aktive lag får minimum 1000 kr


**Nye anlegg.**

- Voss IL og Il Ørnar har arbeidd med oppgradering av løyper og snøproduksjonsanlegg i Bavallen
- Bavallsbakken a/s arbeider med oppdragering av hoppbakken.
- Voss Ski- og tursenter har laga rekruttbakkar for hopp og langrenns-kross samt planar for utviding av snøproduksjonsanlegg
- Voss Skyttarlag føretekk store oppgraderingar på Skjerve skytebane
- Voss Hang- og paragliderklubb byggjer Luftsportsanlegg på Hanguren
- Oppgtadering av skileikanlegg ved Framnedbakken

## Om spelemidlar.

Det er totalt 30 søknadar for ordinære anlegg og 7 søknadar for nærmiljøanlegg for tildelinga i 2024 for Voss herad. Total søknadssum er omlag 31 millionar, fordelt på 29.200.000 på ordinære anlegg og 1.800.000 på nærmiljøanlegg. Prinsippa for prioritering av spelemidlar er innarbeidd over fleire år og det er pr. no ingen grunn til å gjera endringar i ordninga.

Nærmiljøanlegga (ca 1 800 000) vil få tildelt midlar anten fyrste eller andre året dei søker, medan ordinære anlegg kan måtte venta i 5-6 år.



VIR har påpeika at det årleg må løyvast ca 15 mill kr. til anlegg i Voss dersom alle anlegga skal få sine midlar i løpet av ein 4-5 års- periode.

Ref avgjerd i Heradstyre desember 2023 vurderer heradet om dei skal forskottere renter for anleggsutbyggarane i denne ventetida.

## Vedlikehald av idrettsanlegg.

Laga og anleggseigarar har ei viktig oppgåve med å halde ved like dei ulike anlegga i kommunen.

Laga har stor eigeninnsats og Voss herad gjev økonomisk stønad til dei største vinter- og sommaranlegga. Me arbeider med å få auka denne støtta som er altfor liten og har stått stille i mange år.

Det var gledeleg at heradstyre auka denne summen fra 200 000 kr til 300 000 kr i desember for 2024

Det vart i januar 2022 gjort endringar i tilskota til vedlikehald av idrettsanlegg. Ordninga gjekk frå å vera ei ordning der enkelte anleggseigarar leverte inn rapport og fekk tildelt støtte til å verta ein søkbar ordning.

Fristen for 2023 vart sett til 1. mars, men grunna få søknadar vart denne utsett til 15. november 2023. Innan fristen var det kome inn totalt 8 søknadar på til saman kr 454.000,-. Det var kr 200.000 til fordeling.

For 2024 er også midlane fordelte. Den nye ramma er 300 000 kr og 250 000 kr er fordelt medan 50 000 kr står att som Voss idrettsråd kan fordela seinare i år

Totalt kom det inn 6 søknader på ca 475 000 for 2024

### **Edvard B.Hegboms minnefond.**

For 2023 vart det etter framlegg frå laga delt ut heiderspris i samband med 17. mai feiring til Anne Karin Sigbjørn Dugstad IL Ørnar .

### **Highland-Staupet og Idrettsstipend**

VIR fremja også i år kandidat til Highland-staupet som er ei utmerking for beste prestasjon innan vinteridretten siste sesong.

VIR fremja også kandidat til idrettsstipend .

### **Rekneskap**

## Voss Idrottsråd

### Resultatregnskap

DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2023		2022	
<b>Driftsinntekter</b>				
Sponsor- og salgsinntekter	kr	-	kr	-
Offentlige tilskudd	kr	146 634,00	kr	70 000,00
Andre inntekter	kr	-	kr	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>kr</b>	<b>146 634,00</b>	<b>kr</b>	<b>70 000,00</b>
<b>Driftskostnader</b>				
Varekostnad	kr	-		
Lønns- og personalkostnader	kr	20 000,00	kr	16 000,00
Avskrivninger	kr	-	kr	-
Andre driftskostnader	kr	23 659,47	kr	100 097,05
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>kr</b>	<b>43 659,47</b>	<b>kr</b>	<b>116 097,05</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>kr</b>	<b>102 974,53</b>	<b>-kr</b>	<b>46 097,05</b>
<b>Finansposter</b>				
Finansinntekter	kr	2 192,00	kr	492,09
Finanskostnader	kr	-	kr	-
<b>Sum finansposter</b>	<b>kr</b>	<b>2 192,00</b>	<b>kr</b>	<b>492,09</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>kr</b>	<b>105 166,53</b>	<b>-kr</b>	<b>45 604,96</b>
<b>Disponering av årets resultat</b>				
Fra egenkapital	kr	-	kr	45 604,96
Avsatt til annen egenkapital	kr	105 166,53	kr	-
<b>Sum disponering</b>	<b>kr</b>	<b>105 166,53</b>	<b>kr</b>	<b>45 604,96</b>



# Voss Idrottsråd

## Balanse

EIENDELER		2023		2022
Sum varige driftsmidler	kr	-	kr	-
Sum finansielle anleggsmidler	kr	-	kr	-
Sum anleggsmidler	kr	-	kr	-
Sum varelager	kr	-	kr	-
<b>Fordringer</b>				
Kundefordringer	kr	-	kr	-
Andre kortsiktige fordringer	kr	-	kr	1 665,00
Sum fordringer	kr	-	kr	1 665,00
Bankinnskudd, kontanter o.l.	kr	474 717,73	kr	367 886,20
<b>Sum omløpsmidler</b>	kr	<b>474 717,73</b>	kr	<b>369 551,20</b>
<b>SUM EIENDELER</b>	kr	<b>474 717,73</b>	kr	<b>369 551,20</b>

## EGENKAPITAL OG GJELD

Sum egenkapital med selvpålagte restriksjoner	kr	-	kr	-
<b>Annen egenkapital</b>				
Egenkapital (IB 1/1 2023)	kr	369 551,20	kr	415 156,16
Årsresultat	kr	105 166,53	-kr	45 604,96
Sum annen egenkapital	kr	474 717,73	kr	369 551,20
Sum egenkapital	kr	474 717,73	kr	369 551,20
Sum gjeld	kr	-		
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	kr	<b>474 717,73</b>	kr	<b>369 551,20</b>

  
Olav Farestveit  
Styreleiar


Erling Midtun  
Styremedlem

Voss 5/6-2024

Sofie Torlei Olsen  
Nestleiar

Atle Seim  
Styremedlem

  
Hege Toje  
Styremedlem

  
Trond Syversen  
Styremedlem

Til Årsmøte i Voss Idrottsråd


### RAPPORT FRÅ KONTROLLUTVALET

Eg har sett over rekneskapen til Voss Idrottsråd for 2023 og meiner den kan godkjennast av årsmøtet

Kontoplanen til NIF er brukt etter gjeldande retningslinjer

Eg har berre kontrollert rekneskapen

Voss 30.05.2024



Terje Eide

## **Idrettsrådet sin funksjon.**

Idrettsrådet sin funksjon og arbeidsoppgåver er nedfelt i Lova og ein av dei primære funksjonane er å vere talerøyr for alle laga i VIR. Idrettsrådet skal hjelpa til med råd og rettleiing og vere bindeledd mellom lagslivet og heradet.

Dette har som føresetnad at laga nyttar seg av dette. Det er og viktig at laga viser engasjement i høve til VIR si rolle i lokalsamfunnet.

Her vonar noverande styre at engasjementet for VIR vil auke ytterlegare.

Det å ha styreverv i VIR medfører personleg engasjement og krev at ein er tilstade både i styremøte og i andre samanhengar. Styremedlemene må i tillegg bidra i dei arbeidsoppgåvene som er tillagt styrefunksjonen.

På basis av årsmøtevedtak er det utbetalt eit beløp på 20.000 kr. som godtgjersle for dette engasjementet. ( 5000 kr er manglande utbetaling frå tidlegere år ) Pengane vert fordelt i høve til arbeidsmengde.

Styret tilrår at dette held fram.

## Handlingsplan 2024.

1. Utvikla samarbeidet med Voss herad i samsvar med Samarbeidsavtalen og ha regelmessig kontakt med idrett- og folkehelsekoordinatoren
2. Arbeida for å fremja likestilling, inkludering og bærekraft innan idrett.
3. VIR skal aktivt arbeide for idretten opp mot Voss herad for å sikre interessene og rammevilkåra til idrettslaga på Bømoen.
4. Arbeida med utvikling av eit idrettsmuseum på Voss
5. Arbeida for at idretten får tilgang til dei kommunale og fylkeskommunale Idrettsbygga herunder Vossabadet på vilkår som er i samsvar med NIF si målsetting om fri bruk for born og unge under 19 år.
6. Arbeide for at Voss herad gjennom budsjetthandsaming gjev drift- og vedlikehaldsmidlar til både sommar og vinteranlegg i tråd med kostnadsutviklinga.
7. Samarbeida med alle laga i VIR herunder utvikla kommunikasjon- og informasjonsarbeid der Vestland idrettskrets er ein viktig organisatorisk medspelar ( Kfr Lova for VIR). Vurdere om me skal etablere ein «aktivitetsdag» for idrettslaga i heradet.
8. Styrka kontakten med laga. Hjelpa til med omsyn til støtte til anlegg og drift. Hjelpa til med tilråding av medlemssystem og økonomisystem
9. Støtta arbeidet i «Idrettens Olympiade a/s» om eit framtidig Vinter Paralympisk og OL på Vestlandet.
10. Delta på konferansar og møter i regi av Vestland Idrettskrets.
11. Arbeida for friluftsiinteressene i Voss herad med gode stiar og løyper
12. Arbeide for å utvikle og støtte eigenorganiserte lågterskeltilbod.
13. Styrka samarbeid med politisk leiing i Voss Herad.

## Busjett Voss Idretttråd 2024

<b>Tekst</b>	<b>Inntekt</b>	<b>Utgift</b>
Tilskott mku	70 000	
Renter	200	
LAM	70 000	
<b>Utgifter</b>		
Diverse utgifter		10 000
Reiser		15 000
Arrangement		25 000
Trenerstøtte , støtte til lag		70 000
Styrhonorar		20 000
Oppgradere heimeside		10 000
<b>Sum</b>	<b>140 200</b>	<b>150 000</b>
<b>Underskudd</b>		<b>- 9 800</b>



# VOSS IDROTTSRÅD

Eit fellesorgan for idrettslag, organisasjonar og klubbar i Voss herad

## Årsmøteprotokoll

Dato: 05.06.2024

Tid: 19-20:30

Stad: Idrettshuset på Voss

### 1) Godkjenning av framømte representantar og fastsetting av stemmetal.

Idrettslag med stemmerett til stade på møtet:

Martin Hindenes (Viljar IL)  
Isak Hommedal (Eldar IL)  
Hege Toje (Voss handballklubb)  
Tore Tvilde (Voss IL)  
Randi Skjeldal (Bulken IL)  
Kathrine Mjanger (Voss bordtennisklubb)  
Anne- Karin Dugstad (Ørnar IL)  
Olav Farestveit (Voss IL)  
Trond Syversen (FBK Voss).

Nils Helge Kvamme (Voss herad) og Anne Kristin Aas (Vestland idrettskrets) var til stades på møtet som observatørar.

### 2) Godkjenning av innkalling av sakliste.

Sakliste og innkalling vart godkjent.

**Merknad:** årsmelding, rekneskap og vedlegg vart ikkje gjort tilgjengeleg ei veke før årsmøte som lova krev. Dette må utbetrast til neste år.

### 3) Val av møteleiari, referent, og 2 representantar til å underskrive protokollen

**Olav Farestveit** blei vald som møteleiari, referent vart **Hege Toje** og årsmøteprotokoll skal underskrivast av **Isak Hommedal** (Eldar IL), og **Randi Skjeldal** (Bulken IL).

### 4) Årsmelding 2023

Årsmøtet gjekk gjennom årsmeldinga og årsmeldinga vart godkjent med nokre endringar og diskusjon.

**Merknader:** Styret i idrettsrådet bør klargjere rolle tydligare med omsyn til Idrettens olympiade når VIR er blitt eieeigar av selskapet. Idrettsrådet bør sjå på prosedyrane og rolla til VIR på nytt i lys av dette.

*Under temakveldar:* Møte med sunn idrett med Voss IL – november 2023 – må leggest inn i meldinga.

*Anleggsstøtte* - Legge til oppgradering av nærmiljøanlegg (skileikanlegg), Eldar IL i årsmeldinga.

## **Andre spørsmål som vart drøfta under gjennomgang av årsmelding:**

*Mange lag som ikkje har meldt inn medlem i medlemssystemet i år. Kva er årsaka?*

- Idrettslaga kjenner ikkje moglegheitene for utsending av faktura i Klubbadmin.
- Diskusjon om det er forskjell på medlem og aktive medlem. Idrettskretsen informerte om at det no berre er nytta kategorien «medlem»
- Voss IL informerte om at dei nyttar sms til 2 gongs purring, som har vore effektivt for å få inn avgifta,

*LAM midlar:* Spørsmål om støtte til medlem versus aktive i klubben. Dersom funksjonshemma medlem, må de være aktive? Dette sjekkast ikkje av VIR, basert berre på medlemstal.

*Om spelemidlar:* det har kome forslag om ny fordeling til idrettsanlegg frå Kulturdepartementet, her bør VIR engasjere seg. Vestlandet er tent med gjeldande praksis. Ligger an til å få 20 mill. mindre i midlar å tildele.

Årsmeldinga vart godkjent (med den tilleggsinformasjonen som årsmøtets spelte inn).

## **5) Rekneskap 2023**

- 5% av LAM – til fordeling på fellesaktivitetar og momskompensasjon inkludert, dette er årsak til auking i driftsinntekter. Tidlegare år har ein berre ført tilskot frå Voss herad på 70 000.
- I 2023 er det positivt resultat i år på 45 604 kroner.
- Kan være aktuelt å støtte nyoppretta lag for å støtte opptak. For å gi en handsrekning til ferske idrettslag.
- Sum til disponering på 105 000 kroner. Brukte eigenkapital i fjor til å bringe rekneskapen i balanse.
- VIR har ikkje mål om å bygge opp eigenkapital, men ønskjer å stimulere til aktivitet.

Kontrollutval har sjekka billag og føringar, men har ikkje sjekka sakliste og referat frå møta i VIR. Årsmøtet merka at kontrollutval bør og kunne sjå på innkomne saker, og protokoller. Årsmøteprotokoll skal sendast til kontrollutvalet, saman med saksinnkallingar og referat frå styremøte.

Rekneskapen vart godkjent.

## **6) Rekneskap Edv. Hegbom ærespris**

Innarbeida i rekneskapen til VIR. 4600 kroner per år i form av eit bilete. Minnefond tappa ned gradvis med midlar grunna at renteinntekt på 2200 NOK. VIR fekk vite at etterkommarane til

Edvard Hegbom vil donere 100 000 kroner i fondet for å styrkje levetida. Fondet blir då på 183 000 NOK.

## 7) Fordelingsnøklar av LAM-midlar

Dept. kom med moglegheitene til endre fordelingsnøkkelen, kunne behalde 5 % dersom kommunen matchar det same. Det hadde VIR på plass.

Opp til årsmøte å bestemme, minst to tredjedel til barn og ungdom, 1 tredjedel til fordeling. Bruker medlemstal og årsklasser som grunnlag til fordeling.

Årsmøtet bestemte å behalde fordelingsnøkkelen brukt i 2023.

## 8) Handlingsplan for VIR

- Forslag om at VIR kan støtte idrettslag med tanke på økonomiske system. Det vart påpeika eit behov for samordning av bruk av digitale system på Voss. Det vart foreslått at VIR kan tilrå bruk av system.
- Mange idrettslag overheld ikkje økonomiske retningslinjer. NIF har fleire tilbydarar som er godkjent, NIF krev no at idrettslaga må bruke ein av de godkjente tilbydarane. VIR orienterte om samarbeid med Voss kulturråd – mange av dei same problema her, råda er einige om å kunne løfte idretten og kultur saman.
- Forslag om å styrkje fleiridrettslaga spesielt som eit satsingsområde. Det er mange fordelar ved å ha samle aktivitet under ein administrativ struktur, men her krevst det ordningar som styrkjar det administrative i slike idrettslag.
- Forslag om at VIR skal leggje til rette for å dele erfaringar mellom idrettslag på Voss.
- Økonomistøtte for idrettslag trengst særleg.

## 9) Val av styre for VIR

Olav Farestveit leiar (attval 1 år)

Trond Syversen, Kasserar (attval 1 år)

Hege Toje, Styremedlem (Ikkje på val)

Atle Seim, Styremedlem (Ikkje på val)

Wenche Håvik Styremedlem (vald for 2 år, IL Ørnar),

Erik Flage, Styremedlem (vald for 2 år, Bulken IL)

Olav Farestveit blei attvald som leiar i VIR for 1 år. Nestleiar må avgjerast på første styremøte ettersom valnemnda ikkje visste at dette skulle avgjerast på årsmøte.

**Varamedlem:** Cecilie Remme (1 år) Viljar IL

Isak Hommedal (1 år) Eldar IL

## Kontrollkomité

Steinar Røthe (1 år att)

Martin Hindenes (for 2 år)

## 10) Val av Valnemnd





# VOSS IDROTTSRÅD

Eit fellesorgan for idrettslag, organisasjonar og klubbar i Voss herad

Torgils Bryn einaste att i valnemnda. Styret i idrettsrådet må foreslå ny valnemnd innan 1. oktober 2024.

Dato og signatur

15.06.24

• 15.06.24

Randi Skjeldal

Isak Hommedal

Randi Skjeldal

Isak Hommedal